



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
48/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	02.05.2016
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	FE - 144, FA - C00	16/66

### KULTURPLAN 2016-2026 FOR VAKSDAL KOMMUNE

#### Slutthandsaming

#### Vedlegg:

Kulturplan framlegg endeleg plan

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kulturplan 2016-2026 for Vaksdal kommune vert vedteken slik den ligg føre. Innspel frå høyringa er teke med i den endelege planen. Prioritering og finansiering av tiltak i planen må handsamast i samband med økonomiplan/årsbudsjett.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 48/2016

#### FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

#### FPØ - Tilråding/Vedtak:

Kulturplan 2016-2026 for Vaksdal kommune vert vedteken slik den ligg føre. Innspel frå høyringa er teke med i den endelege planen. Prioritering og finansiering av tiltak i planen må handsamast i samband med økonomiplan/årsbudsjett.

#### Saksopplysningar:

Det er utarbeid framlegg til kulturplan for Vaksdal kommune for perioden 2016-2026. Planen har konkrete prioriterte tiltak for kultursektoren for åra som kjem. Planen er gjort mest mogeleg kortfatta med ein tabell for kvart tema, stoda i dag, med utfordringar, og ynskje og behov frametter. Dette er teke med vidare inn i tiltaksdelen i planen. Her er tiltaka skildra med ansvar for gjennomføring, kostnad og effekt.

Fylkeskommunen stiller som krav att alle kommunar har ein oppdatert plan for kultur, idrett og friluftsliv for å få spelemidlar og andre offentlege midlar.

Oppstart for planarbeid var i januar 2015. For å få breiast mogeleg kunnskap om kulturfeltet, vart det sett ned ei eiga arbeidsgruppe for kulturplanen.

Arbeidsgruppa har vore samansett slik:

Olav Arne Steinkopf, kyrkja i Vaksdal  
Monica Balestrand, ungdomsleiar/idrett  
Ragnvald Berge og Kim Gregersen, idrett  
Trine Hesjedal, Ole Hesjedal og Dag Olav Faugstad, song og musikk  
Bengt Erik Raab, kunstlaget i Vaksdal  
Jan Cleveland, fotalaje

Frå Vaksdal kommune: Ole Johnny Domben (sekretær), Sveinung Klyve (sekretær), Willy-Andre Gjesdal, Jan Erik Kolås, Sindre Sortland og Ståle Hesjedal.

Det vart halde to møter i januar 2015 i Turbinen, eitt med Vaksdal idrettsråd samt medlemslaga og eitt med Vaksdal musikkråd samt medlemslaga. Det vart henta inn faktatal om drift, økonomi og medlemmer. Laga har sjølv vore med å laga planen og gjort viktige prioriteringar. Vidare har det vore halde to møter i Heradshuset, henholdsvis, 21. mai og 1. september 2015. Planarbeidet vart også synleggjort på kommunal stand under Daledagane i juni 2015, samt at det vart halde eit ope møte 24. september 2015.

Ungdomsråd og Eldreråd har kome med innspel til planen.

Etter vedtak i formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 05/2016 vart framlegg til kulturplan for Vaksdal kommune 2016-2026 lagt ut til offentleg høyring frå 18. februar til 31. mars. Planen vart lagt ut på kommunen si nettside, kundetorg, biblioteka i Vaksdal, lokale butikkar og det vart annonsert i lokalavisa.

Det kom inn eit innspel innspel til kulturplan i høyringsperioden, e-post frå Dag Olav Faugstad sendt 31. mars 2016. Innspela gjaldt mindre justeringar som er oppdatert i vedlagte framlegg til endeleg kulturplan:

Side 4. 1.1 *Bakgrunn (lag og organisasjonar) er tatt med i oppramsinga av kulturfeltet.*

Side 9. *Daledagane er endra til (Daledagane mat & kulturfest).*

Side 10. *Graf. Medlemmar i lag tilslutta musikkrådet. DSV skulemusikk endra til (Vaksdal barne- og ungdomskorps).*

### **Vurdering**

Det har vore god medverkand frå lag og organisasjonar i arbeidet med planen og innspel frå høyringa er tatt med i planen. Planutkastet kan etter rådmanns vurdering leggest fram for endeleg godkjenning. Prioritering og finansiering av tiltak i planen må handsamast som ordinært i samband med økonomiplan/årsbudsjett.